



Audun Eik med fagbrev nummer fire (Foto: Kvinnheringen)

**Uskedelingen Audun Eik (59), ansatt ved Søral, har fått tildelt sitt fjerde fagbrev under eit arrangement som Opplæringskontoret for Sunnhordland heldt på Husnes Hotell.**

Han fekk det første fagbrevet sitt tidleg på 1970-talet. No har han fagbrev for lette og tunge køyretøy, som automasjonsmekanikar og som anleggsmaskinreparatør. Det var det sistnemnde fagbrevet han fekk no.

Men særleg var automasjonsfagbrevet krevjande med rundt 100 turar frå Uskedalen til Husnes på kveldstid,

seier Audun til Kvinnheringen.

Grunnen til at han tok fagbrev igjen er at han vart smigra av nokre ungdommar som ville ha han med. Dessuten er det kjekt å skjerpa seg litt, sjølv om det krev ein god del arbeid, seier uskedelingen. Han var ein av tre blant årets lærlingar som fekk aller beste karakter.

Totalt fekk 26 lærlingar fagbrev sine denne gongen og i tillegg kom 14 praksiskandidatar ved Sørøst.